

# Årsmøte i Aust-Agder Venstre

13. februar 2016

## Scandic Hotel Bystranda, Kristiansand

### Årsmøtesak 1. GODKJENNINGAR

#### a. Innkalling

Forslag til vedtak: Innkallinga godkjent.

#### b. Sakliste

ÅRSMØTESAK 1: Godkjenningar  
ÅRSMØTESAK 2: Konstituering  
ÅRSMØTESAK 3: Årsmelding 2015 Agder Venstre  
ÅRSMØTESAK 4: Rekneskap 2015  
ÅRSMØTESAK 5: Kontingent 2017  
ÅRSMØTESAK 6: Budsjett 2016  
ÅRSMØTESAK 7: Stortingsvalet 2017 – vegen dit  
ÅRSMØTESAK 8: Val  
ÅRSMØTESAK 9: Politiske fråsegner  
ÅRSMØTESAK 10: Innkomne saker, innan 1. februar 2016

Forslag til vedtak: Saklista blir godkjent.

### Årsmøtesak 2 KONSTITUERING

#### a. Møteleiarar

**Vedtak: Petter Toldnæs, Lillesand og Marianne Sigurdson Lyngvi, Arendal.**

#### b. Referentar

**Vedtak: Jan Kløvstad**

#### c. Tellekorps

Vedtak: Einar Bore, Arendal og Sissel Åkre, Valle.

#### d. Protokollunderskrivarar

Vedtak: Ole Morten Vegusdal, Birkenes og Lisbeth Haugmoen Handegard, Arendal.

### **Årsmøtesak 3      ÅRSMELDING 2015 AUST-AGDER VENSTRE**

Aktiviteten i 2015 har vore drive i nært samarbeid med Vest-Agder Venstre, i paraplyorganisasjonen Agder Venstre. Styremedlemer i Aust-Agder Venstre har vore Sara Sægrov Ruud, leiar, Øystein Haga, Grimstad, Jacob Handegard, Arendal, Pål Koren Pedersen, Arendal, Ann Christin Jacob, Valle. I tillegg har Unge Venstre hatt tilbod om ein plass i styret.

Jan Kløvstad har vore tilsett i 20 % stilling som felles sekretær for Agder Venstre. Rolf Hamran har vore revisor for Vest-Agder Venstre.

#### Folkevalte i kommunane

Venstre har kommunestyremedlemer i 12 kommunar i perioden 2015-2019.

#### Venstres Hovedorganisasjon

På Venstres landsmøte 2015 møtte landstyremedlem Sara Sægrov Ruud, Kathrin Pabst, Grimstad, Jacob Handegard, Arendal, Beate Andreassen, Lillesand, Arnt Gunnar Tønnessen, Grimstad, June Marcussen og Line Øvernes Mørch, Tvedestrand.

Landsstyremedlem Sara Sægrov Ruud har møtt på alle Venstres landsstyremøte i 2015.

Odd Einar Dørum deltok i eit godt besøkt politisk hageselskap i Froland i juli.

#### Organisasjon

Aust-Agder Venstre har 276 medlemer pr 31. desember 2015. Sjå statistikk For medlemsutvikling i årsmelding for Agder Venstre.

Fylkeslaget har gitt råd og rettleiing til lokallaga om heimesider, nominasjonsarbeid, Venstreskolar og gjennomført anna oppsøkande arbeid i lokallaga.

### **Årsmøtesak 4      ÅRSMELDING 2015 FYLKESTINGSGRUPPA**

**Årsmelding for fylkestingsgruppa blir lagt fram av fylkestingsgruppa.**

#### **Melding 1. januar – 20. oktober 2015**

Fylkestingsgruppa har bestått av Øystein Haga og Marianne Sigurdson Lyngvi. Det ble holdt fem komitemøter og fem plenumsmøter fram til utgangen av valgperioden i 2015. I tillegg 12 fylkesutvalgsmøter.

Som i fjor har Marianne ledet Kultur og Næringskomiteen og deltatt i styret i Næringssselskapet, samt valgnemda.

Øystein har deltatt i fylkesutvalget og i styret i Stiftelsen Arkivet i Kristiansand.

Vi har i 2015 deltatt i alle fylkestingmøtene.

Gruppa har levert felles budsjett for posisjonen i hele perioden. Det har vært utfordrende saker

også i denne siste perioden. Spesielt vil vi nevne lokalisering av ny videregående skole i Tvedestrand. Romprogram, dimensjonering og fagtilbud ble vedtatt på høsten 2015. Skolen vil ligge i naturskjønne omgivelser knapt 15 minutters gange fra sentrum i Tvedestrand. Det er å håpe at skolen kan bli et kraftsentrum for utvikling i østregionen. Selvfølgelig vil dette binde opp økonomien i de neste åra, men vekst i østre del av fylket er også nødvendig.

Venstre er, på tross av bare to representanter, meget synlig i debatten på fylkestinget og internt i posisjonen. Vi har allikevel utad vært en lojal samarbeidspartner i posisjonen, som jo ble dannet på grunn av Venstres valg i 2011.

Øystein Haga, gruppeleder

(Samarbeidsavtale i posisjonen 2011-2015 vedlagt)

### **Melding 26. oktober-31. desember 2015.**

Venstre fekk to representantar i fylkestinget etter 5,2% (6,3% i 2011) og 2452 stemmer (3075). Jan Kløvstad og Sara Sægrov Ruud blei fylkestingsmedlemer, med varamedlemer i rekefølge: Kathrin Pabst, Grimstad, Jacob Handegard, Arendal, Petter Toldnæs, Lillesand, Line Øvernes Mørch, Tvedestrand og Tove Helene Gausen Sama, Åmli.

Tor Audun Danielsen leia Venstres forhandlingsutval, der også Marianne Sigurdson Lyngvi og Jan Kløvstad var med. Konklusjonen blei at Venstre valte å gå i opposisjon. Forhandlingsleiar Tor Audun Danielsen har skrive eit grundig notat om Venstres arbeid i forhandlingane, som han også denne gongen har leia på ein framifrå måte. I valteknisk samarbeid med Miljøpartiet de Grønne og Pensjonistpartiet fekk vi inn Sara Sægrov Ruud i fylkesutvalet, og den samla opposisjonen ga Jan Kløvstad nestleiarvervet i komiteen for kultur, helse og næring.

I konstitueringa av fylkestinget har Venstre foreløpig tatt på seg desse arbeidsoppgåvene: Sara Sægrov Ruud fekk plass i utdanningskomiteen, valkomiteen, valstyret, utsending til fylkesmøte i KS. Jan Kløvstad er varamedlem i valnemnda, andre varamedlem til fylkesmøtet i KS, medlem av representantskapet for Furøya IKS og varamedlem i North Sea Commission, Agderforskingss rådsforsamling og representantskapet i Agder kunstnersenter. Jacob Handegard er medlem i kontrollutvalet. Kathrin Pabst er varamedlem i styret i Furøya IKS og i NRKs distriksprogramråd, mens Tove Helene Gausen Sama er varamedlem til representantskapet i Furøya IKS.

Jan Kløvstad er valt som gruppeleiar.

Fylkestingsgruppa har hatt jamne møte onsdag ettermiddag ei veke før komite/fylkestingssamlingar, der også varamedlemene er med. Møta har vore på fylkeshuset, i Grimstad og i Tvedestrand. Under fylkestingssamlingane har vi også møte med dei to representantane for Miljøpartiet de Grønne og Pensjonistpartiet, og heile opposisjonen.

Venstre var invitert til samtalar med dei andre opposisjonspartia for å vurdere felles budsjett for 2016, men valte å fremme eige budsjett (vedlagt) for å forsøke å få gjennomslag for fleire miljøraker, kultursaker og utlysing av heste- og hovslagarlinje ved Tvedestrand og Åmli videregående skole, avdeling Holt. Budsjettforslaget vårt fekk berre to stemmer, men vi fekk likevel gjennomslag for

- Utlysing av heste- og hovslagarlinje ved Tvedestrand og Åmli videregående skole, avdeling Holt
- Aust-Agder fylkeskommune melder seg inn i filmfondet Fuzz (nedstemt i budsjettbehandlinga i fylkesutvalet 24. november og fylkestinget 8. desember, men samrøystes vedtatt i fylkesutvalet 15. desember)
- Etablering av hurtigladarstasjon for el-bilar midtvegs mellom Kysten og Evje (Hynnekleiv-Mykland), etter budsjettforslag frå Venstre i fylkeutvalet, som Framstegspartiet tok med inn i komiteen for miljø og samferdsel 1. desember, og som fleirtalet til slutt laga sin eigen variant av for å stå som forslagsstillar i fylkestinget 8. desember.

Andre saker for Venstre i dei første fylkestingsmøta har vore

- å få ført til protokolls kva kvart parti stemmer i fylkestinget. Dette blei berre delvis gjennomført av fylkesordføraren, som heller ville det skulle stå kven som kom med forslaget.
- å vere åpne for samtalar om samanslåing med Vest-Agder.
- åpne for revisjon av valordninga slik at veljarane har like stor makt over personal i stortingsval som i kommuneval.
- friare skoleval, svar på høyring frå regjeringa.
- å få fylkeskommunen ved Aust-Agder museum og arkiv/Setesdalsmuseet med i drifta av ose Turistheim. Vi hadde dette med i budsjettforslaget vårt, og følger opp i første fylkesutvalsmøte.
- å støtte by- og bygdesentra ved å seie nei til outlet-senter i Sørlandsparken, ei etablering som også vil vere eit alvorleg brot med den vedtatte planen for senterstruktur.

Jan Kløvstad, gruppeleiar

I debatten var det utfyllande kommentarar frå Marianne Sigurdson Lyngvi og sara Sægrov Ruud.

## **Årsmøtesak 5      REKNESKAP 2015**

Rekneskapen er ført av Jarmo Røvik. Sjå under sak 5 i papira for Agder Venstre.

Vedtak: Rekneskap for 2015 godkjent.

## **Årsmøtesak 6      BUDSJETT 2016**

Vedtak: Budsjettet 2016 blir delegert til styret i Agder Venstre utfrå prinsippa nemnt over.

## **Årsmøtesak 7 STORTINGSVALET 2017 – VEGEN DIT**

Sjå sakspapir i møtepapira for Agder Venstre. Vedtaket i Agder Venstre skal bygge på vedtaka i dei to fylkeslaga. Endelege vedtak blir fatta i nominasjonsmøta i dei to fylkeslaga.

Vedtak: Sjå i sakspapira til Agder Venstre.

## **Årsmøtesak 8 KONTINGENT 2017**

Fylkeskontingenten for Aust- og Vest-Agder Venstre i 2016 kr 75.

Vedtak: Kontingent til Aust-Agder Venstre for 2017 blir kr 75.

## **Årsmøtesak 9      VAL**

### **Valnemndas innstilling:**

**Fylkestyre:** Sara Sægrov Ruud, Risør (leiar), Ole Morten Vegusdal, Birkenes, Hans Olav Omnes, Valle, Sissel Nytun, Grimstad, Tone Vareberg, Lillesand og Cathrine Høyese Hall, Arendal.

Marianne Sigurdson Lyngvi og Arnt Gunnar Tønnessen foreslo at styremedlemene i Aust-Agder sjølve avgjer kven som er faste varamedlemer til landsstyret.

Line Øvernes Mørch bad valnemnda for 2018 kome med forslag til varamedlemer til landsstyret og neseleiar i fylkestyret.

Vedtak: Fylkestyret i Aust-Agder Venstre 2016-2018 er Sara Sægrov Ruud, Risør (leiar), Ole Morten Vegusdal, Birkenes, Hans Olav Omnes, Valle, Sissel Nytun, Grimstad, Tone Vareberg, Lillesand og Cathrine Høyese Hall, Arendal.

**Revisorar:** Rolf Hamran, Grimstad og Hans Petter Mjølund, Kristiansand.

**Nominasjonsnemnd:** Anne Mo Grimdalen, Grimstad (leder), Jan Albert Haagensen, Evje og Hornnes, Marianne Lyngvi, Arendal. Varamedlem: June Marcussen, Tvedestrand

## **Landsmøteutsendingar:**

Aust-Agder har ei kvote på landsstyremedlemen pluss seks utsendingar til landsmøtet i Tønsberg 15.-17. april 2016.

## **Valnemndas innstilling:**

Sara Sægrov Ruud (landsstyremedlem), 1. Jan Kløvstad, Arendal 2. June Marcussen, Tvedestrand, 3. Ole Morten Vegusdal, Birkenes 4. Arnt Gunnar Tønnessen, Grimstad 5. Hans Olav Omnes, Valle, 6. Sissel Nytun, Grimstad

Varautsendinger: 1. Lisbeth Handegard, Arendal, 2. Tone Lise Avdal, Bykle, 3. Tone Vareberg, Lillesand 4. Cathrine Høyese Hall, Arendal 5. Klara Watne, Evje og Hornnes 6. Anna Elise Svennevig, Grimstad

Vilde Jacoby, Arendal Unge Venstre foreslo Vilde Jacoby som motkandidat til Sissel Nytun og Magnus Haugmoen Handegard som motkandidat til Tone Lise Avdal.

I voteringa om landsmøteutsending nr 6 fekk Sissel Nytun 20 stemmer og Vilde Jacoby 9 stemmer. Som andre varautsending fekk Tone Lise Avdal 22 stemmer og Magnus Haugmoen Handegard 7 stemmer.

Marianne Sigurdson Lyngvi foreslo Vilde Jacoby som 7. varautsending og Magnus Haugmoen Handegard som 8. varautsending.

Petter Toldnæs foreslo at styret i Agder Venstre forsøker å finne pengar til å sende ein observatør frå Unge Venstre.

Vedtak: Sara Sægrov Ruud (landsstyremedlem) 1. Jan Kløvstad, Arendal 2. June Marcussen, Tvedestrand, 3. Ole Morten Vegusdal, Birkenes 4. Arnt Gunnar Tønnessen, Grimstad 5. Hans Olav Omnes, Valle, 6. Sissel Nytun, Grimstad

Varautsendinger: 1. Lisbeth Handegard, Arendal, 2. Tone Lise Avdal, Bykle, 3. Tone Vareberg, Lillesand 4. Cathrine Høyese Hall, Arendal 5. Klara Watne, Evje og Hornnes 6. Anna Elise Svennevig, Grimstad 7. Vilde Jacoby, Arendal Unge Venstre, 8. Magnus Haugmoen Handegard, Arendal Venstre.

## **Årsmøtesak 10 POLITISKE FRÅSEGNER**

Politiske fråsegner er ført opp som sak på felles årsmøte i Agder Venstre

Tidlegare fylkesleiar Line Øvernes Mørch overrakte fylkeslagets klubbe til fylkesleiar Sara Sægrov Ruud.

Refr.

Jan Kløvstad

Protokollen underskriven av

Ole Morten Vegusdal

Lisbeth Haugmoen Handegard